

**Folkeaksjonen E39 Volda-Ørsta- Festøya-Ålesund
v/ Svein Ivar Aarskog
Nordre Vartdal
6170 Vartdal**

Vartdal 30.10.12

**Vestlandsrådet
Fylkestinget Rogaland
Fylkestinget Hordaland
Fylkestinget Sogn og Fjordane
Fylkestinget Møre og Romsdal
Fylkestinget Sør Trøndele**

Vedk KVV E39 Skei – Ålesund – Trondheim: Når omvegen vert så stor at ein IKKJE nytter stamvegen

Vi viser til utredning KVV E39 Skei-Brevika og andre dokument knytt til ferjefri fjordkryssing på Vestlandet.

På delstrekninga Skei – Brevika er det 2 alternative fjordkryssinger FEFAST og HAFAS. Iflg KVV er alternativa med FEFAST 15 km kortare mellom Volda og Brevika (Ålesund kommune) enn HAFAS (OG 15 minutt kortare i tid enn HAFAS).

For lokale pendlarar mellom Volda og Ålesund vil FEFAST bety ein reduksjon i reisetid pr dag på 30 minutt. Eller 115 timar i løpet av eit år med arbeid.

Stamveg SKAL nyttast som ei ferdselsåre mellom dei store byane på Vestlandet. Dersom du skal reise frå Bergen til Trondheim, så må stamvegen vere alternativet. Med dei alternativa som er no, så kan ein fort risikere at så ikkje skjer.

Dersom ein tek E39 til Grodås (Hornindal kommune) og skal til Molde, så kan ein køyre E39 eller velgje FV 60 via Stranda. Alternativet via Stranda (FV 60) vil innebere ei ferje (Stranda – Liabygda) på 15 minutt. Vi har målt avstander frå Grodås til Valgermo-vegkryss (Ørskog kommune) :

Strekning	Km
Grodås - Stranda - Sjøholt (Valgermo-krysset)	91
Grodås - Fefast - Sjøholt (Valgermo- krysset)	117
Grodås - Hafast - Sjøholt (Valgermo- krysset)	132

Dvs at det er 41 km lenger å køyre HAFAS enn å køyre via Stranda. Forskjellen ved FEFAST er på 26 km.

Kva vil så skje? Ein stamveg med HAFAST vil verte ein omveg på 41 km!! Trafikantane vil reise over Stranda, det er INGEN som vil køyre ein omveg på 41 km. Ei ferje vil verte ein kjærkomen pause og ein vil i tillegg spare tid på inntil 25 minutt.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ei stor utfordring. Både vegnettet på FV 60, trafikksituasjonen i Stranda sentrum og fergekapasiteten Stranda-Liabygda, vil verte ei utfordring. Dette veit ikkje trafikantane som køyrer Bergen - Trondheim, dei berre vil spare 41 km og reisetida si.

Etter vårt syn så indikerer dette at stamvegalternativa med HAFAST, ikkje kan nyttast som stamveg og Vår løysing på problemet er FEFAST, denne er:

- 15 km kortare enn HAFAST
- Tar 15 minutt mindre enn HAFAST
- Transportøkonomisk og miljømessig betre enn HAFAST

Sjølv om FEFAST er lenger enn om Stranda, så vil det kunne vere ein stamveg som vert nytta også av dei som køyrer lengre strekningar. Forskjellen tidsmessig vert så liten at ein vil velgje E39.

Dersom ein skal jobbe for eit felles ferjefri fjordskryssingsalternativ, så må ein velgje eit alternativ som vert nytta som stamveg. Avstand og færast mogeleg fjordkryssingar (ref brev om Eiksundsambandet), er vesentlege føresetnader for å lykkast.

For Folkeaksjonen



Svein Ivar Aarskog